

REFERAT FRÅ FAU-MØTE VED KLEPP UNGDOMSSKULE 29.MAI 2017

Tilstades: Øyvind Braut, Thomas Hebo, Elin Oftedal Braut, Hege Hopen, Arild Ollestad, Kjetil Mykjebust og Elisabeth Soma Håland

Sak 1: Godkjenning av referat.

Referatet blei godkjent.

Sak 2: Informasjon frå rektor:

- Kjetil Myklebust er konstituert rektor iallefall fram til sommaren, kanskje lenger.
- Har begynt førebuing til nytt skuleår, og nye lærarar og miljøarbeidrarar har vore med på planlegging.
- Valfag og framandspråk: Tenker på å ikkje tilby fransk som framandspråk neste skuleår, men bare spansk og tysk. Årsaken til dette er at det pleier å vere få som vel fransk, samt at det vil gå ein del ressursar til det nye arbeidslivsfaget.
- Mobil: 8.trinn har dette skuleåret hatt «mobilhotell» for alle elevane gjennom heile skuledagen. Skulen ønsker å innføre dette i alle klassane frå og med neste skuleår.
- Visma: Visma skal opnast for foreldreinnsyn, og der kan foreldra gå inn og sjå eleven sitt fråver, anmerkningar, kommentarar til fag og semesterkarakterar.

Sak 3: Status komite 10.klassefest:

Planlegginga av festen er i rute, og skulen er i gang med planlegging av underhaldninga.

Sak 4: Rapport frå Elevrådet angåande utdeling av pengar til utstyr:

Det er ein utfordring at elevane ikkje er flinke nok til å ta vare på utstyr som dei får. Elevrådet har difor haldt igjen litt av pengane dei har fått av FAU til innkjøp av utstyr, og vil jobbe meir målbevisst med det nye 8.trinn når det gjeld det å ta vare på utstyret dei får.

Sak 5: Årsmøte:

Tema: Jobbar vidare med tema fram mot sommaren.

Dato: Forslag om 30.august. Må avklarast før sommaren.

Sak 6: Eventuelt:

Møte i Samarbeidsutvalet og Miljøutvalet 6.juni. Thomas, Øyvind og Arild stiller frå FAU.

Neste FAU-møte er mandag 19.juni dersom tema og dato for årsmøte ikkje er på plass.

Dersom det er i boks blir neste møte 21.august kl.18.30.

Saker:

- Årsmøte i FAU

Referent – Elin Oftedal Braut